

Kommentarar til høyringsuttaelsar vedrørande Auno Minikraftverk

Forord

I det følgjande kjem Energi Teknikk som konsulent, i samråd med utbyggjar, v/Eivind Tvedt, med kommentarar til dei relevante forholda i høyringsuttaelsane som er kome i samband det omsøkte prosjektet, Auno Minikraftverk AS.

Statens vegvesen:

Ingen merknadar, utover å minne om byggjegrensa på 50 meter mot fylkesvegen (sjå figur 1), og at ein må søkja om utvida bruk av avkjørsle frå fylkesvegen. Statens vegvesen vil ta del i diskusjonen om kryssing av vegen, dersom det vert gitt konsesjon.

- Utbyggjar er innstilt på eit tett og godt samarbeid med Statens vegvesen i samband med utbygginga.

Forum for natur og friluftsliv:

Ikkje merknadar i forbinding med denne utbygginga.

Fylkesmannen i Hordaland:

Fylkesmannen fremjar motsegn til utbygginga av omsyn til anadrom fisk. Det er påvist ein anadrom strekning i influensområdet.

- Nettopp på grunn av den anadrome strekninga i bekken er minstevassføringa sett til vel det dobbelte av alminneleg lågvassføring, frå 14 l/s til 37 l/s. I tillegg har utbyggjar føreslege tersklar som avbøtande tiltak. Rapporten om biologisk mangfald konkluderer med at tiltaket har lite omfang og liten negativ verknad. Den anadrome strekninga vert mogeleins reint teoretisk noko forkorta, men då minstevassføringa er planlagd godt over alminneleg lågvassføring vil elva oppretthalde den vasstanden som er naturleg, og tilhøva tilseier difor at det anadrome fiskehabitatet har gode utsikter. Ut i frå erfaringa til grunneigarane er elva turr i to månadar minst annakvart år (ein mnd. om sommaren og ein mnd. om vinteren), det er heller ikkje fanga sjøaure på strekninga av grunneigarane dei siste 30 år.

Energi Teknikk i samråd med utbyggjar, vurderer motsegnet frå Fylkesmannen som berettiga, i den forstand at det er påvist ein anadrom strekning i bekken, men då utbygginga er planlagd med avbøtande tiltak og med særskild omsyn på tilhøvet, meiner ein at tiltaket har lite negative verknadar på anadrom fisk i bekken. Dersom vasstanden er mindre enn minstevassføringa på 37 l/s, vert anlegget stoppa, bekken held seg dermed naturleg for det eventuelle fiskehabitatet.

Hordaland Fylkeskommune:

Ikkje merknadar eller vedtak, då saka ikkje treng løyve etter vassdragsreguleringslova. NVE har likevel bedt Fylkeskommunen om eit bidrag med fagleg informasjon innanfor eige ansvarsområde, Fylkesmannen vil følgjeleg fatta endeleg vedtak etter høyringsrunden. Utbyggjar er bedt om å ta kontakt når det er endeleg avklara kor røyrtraseen skal gå, med omsyn på kulturminner, samt ber



Fylkeskommunen om at ein visar omsyn og føreslår tiltak for å forhindre støy kring bustadar nærliggjande stasjonen.

- Når planane er endelege og godkjende, vil utbyggjar sende desse til Fylkeskommunen og sikra at det ikkje vert konflikhtar med eventuelle kulturminner. Utbyggjar vil i samråd med næraste naboar til kraftstasjonen vurdere støydempende tiltak dersom dette skulle visa seg å bli eit problem, eit forslag til tiltak er til dømes gummimatter over avlaupet. Bustadane ligg med ein avstand på kring 70 meter frå stasjonsområdet.

Kvinnherad kommune:

Kvinnherad kommune rår til at det vert gitt konsesjon til bl.a. Auno Minikraftverk. Samstundes peiker dei på at ein må sjå på tiltak for lydisolering av stasjonen, samt vurdere tiltak for fisk. Kommunen skriv at lokal kunnskap tilseier at det går laks opp i Storeelva, dette er lengre ned i vassdraget, dei ynskjer i den forbinding at det vert vurdert ny undersøking av fiskeforhalda i elva. Kommunen er generelt positiv til utbygging av småkraftverk grunna grøn energi og næringsutvikling i lokal samfunnet. Dei peikar og på at teknisk avdeling på kommunen skal være involverte i arbeidet kring inntaket i den tidlegare lokale vassforsyningsdammen. Kommunen avsluttar og konkluderer med det same som dei innleia med, og rår til at utbygginga, Auno Minikraftverk, vert gjeve konsesjon.

- Sjå kommentarar til Fylkesmannen i Hordaland ovanfor ifht fisk og støy. Ut i frå fiskeundersøkinga som er gjort, rapporten om biologisk mangfald samt utbyggjar som har følgt nøye med på forholda i bekken i ei årrekke, vurderer ein ei slik undersøking å være overflødig. Utbyggjar er klar på at kommunen skal godkjenna planane kring arbeidet med inntaket i den eksisterande dammen, som har vore brukt til vassforsyning. Ein kjem og til å nøye kontrollere vasskvaliteten i elva dei kommande år, dersom ein får innvilga konsesjon.

Kvinnherad Venstre:

Ikkje merknadar til denne utbygginga.

Bergen Turlag:

Ikkje merknadar i forbinding med denne utbygginga.

BKK Nett AS:


Ikkje merknadar då det aktuelle prosjektet ligg utanføre deira utredningsområde, men ein vil få tilknytingspunkt mot regionalnettet i Rosendal.

Kvinnherad Energi AS:

Det er kapasitet på overliggjande nett til å ta i mot produksjonen frå dei 5 omsøkte småkraftverka i Kvinnherad Kommune. Kvart enkelt prosjekt har fått svar. Auno Minikraftverk saman med ei anna utbygging utløyste behov for opprusting av ei 900 meter lang avgreinsingslinje i Omvikdalen, dette arbeidet vart gjennomført januar-mars 2013. Dei konkluderer med at Auno Minikraftverk må betala anleggsbidrag for å kopla seg på nettet, dette i tråd med gjeldane reglar.

- Utbyggjar har motteke svaret frå Kvinnherad Energi og begge partar er einige og innforstått med retningslinjene i forbinding med tiltaket.





Figur 1. Avstanden mellom stasjonen, merka med blå firkant, og fylkesveg 40, er innanfor grensa på 50 meter.

Med venleg helsing,

Malin Tvedt,

Energi Teknikk AS